

Har slått andre gongen

29.04.2011



**Kjell Magne Haugland har i dag vore i arbeid med å slå plen.
Det er ikkje nokon sensasjon i seg sjølv, men det er heller uvanleg
at ein slår plenen for andre gongen den 29. april.**

I alle fall kan ikkje eigaren av Stølen hugse å ha gjort det før og han antar at våren er 2 veker tidlegare ute enn til dømes i fjor.

Heldigvis har Kjell Magne ein effektiv maskin å hjelpe seg med.
Likevel brukar han ein dag i veka på jobben med å frisera 3,5 mål.

(Foto: Ola Matti Mathisen)